

Innkalling til møte i Skodje sokneråd
Torsdag 25. april kl 19.00
Søndagsskulebrakka ved kyrkja

Desse er innkalla:

Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Bitten Kvilekval, Knut Bjune, Ragnvald Holvik, Bente Vadset, Lars Inge Flåte, Jan Løkkeborg.

Bente Vadset hadde meldt forfall.

7 voterande

Sak 6/24

Liturgisk musikk i festtidene

Arnstein Sæthre sette fram framlegg om å utsetje saka for å kvalitetssikre saksutgreiinga.

Utsetjingsframlegget fekk 4 røyster.

Vedtak: Saka vert utsett

Sak 7/24

Alternative preiketekstar

Tilråding til vedtak:

Skodje sokneråd ser gjerne at andre bibeltekstar enn dei som er fastsett i «Tekstbok for den norske kyrkja» vert nytta som preiketekstar. Vi føreset at forrettande prest ynskjer dette, og at tekstvalet er avklara med Biskopen.

Framlegg frå Knut Bjune:

Skodje sokneråd ser gjerne at lesetekstane i tekstboka eller tematiserte tekstar kan verte nytta som preiketekstar.

Tekstane vert kunngjorde på førehand.

Framlegget frå Knut Bjune fekk 2 røyster.

Innstillinga vart vedteken med dette tillegg: «Tekstvalet må kunngjerast på Facebook i god tid».

Vedtak:

Skodje sokneråd ser gjerne at andre bibeltekstar enn dei som er fastsett i «Tekstbok for den norske kyrkja» vert nytta som preiketekstar. Vi føreset at forrettande prest ynskjer dette, og at tekstvalet er avklara med Biskopen. Tekstvalet må kunngjerast på Facebook i god tid.

Sak 8/24

Bibel til femte- og sjetteklassingar

Tilråding til vedtak:

Femte- og sjetteklassingar i Skodje sokn som ynskjer det skal få tilbod om Bibel 2024 som gåve frå kyrkjelyden. Kostanden, inntil 32.000 kroner, vert innarbeidd i budsjettet. Kateketen får i oppdrag å gjennomføre innkjøp og utdeling.

Innstillinga vart samrøystes vedteken med slikt tillegg: «Ordninga må evaluerast i samarbeid med den nye kateketen».

Vedtak:

Femte- og sjetteklassingar i Skodje sokn som ynskjer det skal få tilbod om Bibel 2024 som gåve frå kyrkjelyden. Kostanden, inntil 32.000 kroner, vert innarbeidd i budsjettet. Kateketen får i oppdrag å gjennomføre innkjøp og utdeling. Ordninga må evaluerast i samarbeid med den nye kateketen.

Sak 9/24

Soknerådet sine underutval

Vedtak:

Soknerådet kjem med framlegg til aktuelle kandidatar til dei ulike utvala.

Sak 10/24

NaMu og vegen vidare.

Vedtak:

Skodje sokneråd ynskjer at NaMu-arbeidet held fram. NaMu-utvalet vert supplert med

Sak 11/24

Rekneskap 2023

Rekneskapsoversikt vedlagt.

Tilråding til vedtak:

Skodje sokneråd fastset vedlagde rekneskap som sin rekneskap for 2023.

Samrøystes vedtak med slikt tillegg: «driftsresultatet på 348.317 kroner vert avsett på disposisjonsfond.

Vedtak:

Skodje sokneråd fastset vedlagde rekneskap som sin rekneskap for 2023.

Driftsresultatet på 348.317 kroner vert avsett på disposisjonsfond.